



møte:plassen

Eit barn
er oss fødd
ein Son
er oss gjeven.
Herreveldet
er lagt
på Hans
skulder.
Han har
fått namnet
Underfull
rådgjevar,
Veldig Gud,
Evig Far,
Fredsfyrste.



Ny dagleg leiar
Håkon R. Losvik
side 4 - 5

Saman i
nestekjærleik
side 8

Nytt frå
soknerådet
side 10

Kyrkjeleg undervisning
og læring
side 13

Tankar i tida

Tekst: Jakob Aardal

«Fra krybben til korset gikk veien for deg,
slik åpnet du porten til himlen for meg.
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,
så alle kan samles i himmelen hos deg!»

I tredje verset av julesalma «En krybbe var vuggen» syng me om Jesus sin veg frå han kom til jorda i ein stall i Betlehem til han gav sitt liv på korset på Golgata rett utanfor Jerusalem.

Som bussjåfør er vegen bokstavelig talt arbeidsplassen min kvar dag. Akkurat som på livets veg er det ulike veger med ulike utfordringar som møter meg. I Matteus 7.13-14 snakker også Jesus om to ulike vegar. Den eine vegen er brei og fører til fortaping, medan den andre vegen er smal og fører til livet. Etter mange år som yrkessjåfør har eg lært at dei breie, beine og gode vegane er godt opplyste og byr på få utfordringar. Ferdes ein derimot på smale vegar med mykje svingar og lite gatelys byr det straks på større utfordringar, spesielt når mørke slår inn. Då er ein prisgitt gode lys på køyretøyet!

Slik er det også om ein på livets veg vel å ta inn på den smale vegen som fører til livet som Jesus underviser om. Skal ein nå fram til livet, eller himmelen som ein syng om i songen her, har ein bruk for eit godt lys til å lysa når mørket kjem sigande. «Eg er verdas lys» sa Jesus om seg sjølv. Han vil gje oss lyset me treng på vår veg.

Kva veg går du på og kven lyser på din veg når det blir mørkt?



møte:plassen

4 - 2024

19. årgang

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKSJONEN:
Siv H. Undheim - redaktør
Håkon Rettedal Losvik
Laila Undheim

Grafisk utforming:
Gunn Berit Landa Soldal

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Illustrasjonsfoto: Pixabay.com



Dæ styssta me kan få

(Det største vi kan få)

Tekst: Wenche Myhre/Tor Endresen.
Omset til jærsk av Evy og Jan Jonassen

Juledagen våkne, å nåttå går te ro
Huset æ åleina, dæ æ Jul å åkke to
Onna treet ligge nå, alt du håpte på
Men at du æ gla' i mæg æ dæ styssta æg kan få

Når den siste flammen, seint forsvinne hen
Føle æg din nærhet, å varme mæg på den
I den klara vinternatt, dette snøen nå
Men at du æ gla' i mæg æ dæ styssta æg kan få

Å i dæ me går te ro, så høyres klokkeklang
Fred i himmel å på jord, lyde klokkå's sang
Mens me ber ei stille bønn, for store å for små
For me vett at fred på jord, æ dæ styssta me kan få
For me vett at fred på jord, æ dæ styssta me kan få

Det var en ære å bli spurt om å finne en sang til
Julenummeret for Møteplassen.

For meg ble det automatisk en Julesang i disse tider, og
denne sangen betyr utrolig mye for meg.

Sangen jeg har valgt er «The Greatest Gift of All»,
fremført på norsk av Wenche Myhre og Tor Endresen.
Denne sangen har vi laget en ny, jærsk tekst til, og spilt
inn på plate.

Det var den første julesangen meg og Jan
sang sammen for snart 30 år siden, og i år har
vi vært gift i 25 år. Tenk sølvbryllup, HURRA for
kjærligheten.

Denne sangen forteller meg alt om det vi har
skapt sammen som familie på disse årene. 3
fantastiske barn, 3 flotte svigerbarn, og ikke minst,
livets dessert - 2 skjønne barnebarn, livet er fantastisk.
Familien betyr alt.

Jeg er evig takknemlig for den flotte familien jeg
har, og det er takket være min bedre halvdel. Jan
er mitt ALT, han er livet mitt, han er jorden jeg går
på og luften jeg puster i. Uten han er jeg ingenting.
Det er vel dette som kalles kjærlighet.

Denne sangen forteller meg også at vi må ha troen
på det gode i mennesket. Vi lever i en verden der
dette kan være utfordrende, men vi må aldri miste
håpet og troen på det. Husk å lev livet i dag, nyt
øyeblikket. Lev etter «Kardemommeloven», da kan
det faktisk bli som det synges om i denne sangen:

«For vi vet at fred på jord, er det største vi kan få»

Og med disse tankene rundt «min julesang», ønsker jeg
alle sammen en fredfull og fantastisk jul,
og kun det beste i det nye året som kommer.

Gledelig Jul.

Evy Lode Jonassen



Ivrar for fellesskapen

Den nye daglege leiaren i Undheim kyrkje er ein nordnorsk Brannsupporter, busett på Hognestad.

Tekst: Siv H. Undheim

Håkon Rettedal Losvik kom til verda i 1979 som den tredje guten i ei rekke på fire. Oppveksten i Leknes i Lofoten var trygg og god, i eit hus med mykje liv og med vakker utsikt over Buksnesfjorden.

Han kjem frå ein klassisk statskyrkjefamilie, som han kallar det. – Vi gjekk ofte i kyrkja, og far har hatt dei fleste jobbar som finst i kyrkjeleg samanheng. Han utdanna seg til prest i vaksen alder. I tillegg har eg ein bror som er prest, og ein annan som er kateket, fortel han. Så å söke jobb i kyrkja var på ingen måte unaturleg for Håkon.

Formande år

Han fortel at mora var utdanna lærar, men blei ufør då Håkon var rundt ti år. Gutane blei derfor tidleg

vant med å hjelpe til heime. Han trur han er forma av det, han tek ansvar.

I ungdommen gjekk dei på bedehuset. Her var det ungdomskor med øving på fredagskvelden. Etter øvinga var slutt, gjekk dei ned ein etasje, her var det ungdomsklubb. Det var på dette bedehuset Håkon begynte å spele bassgitar.

– Det gjer eg enno. Eg er med i lovsongsteamet i Bedehuskirken på Bryne, og det likar eg veldig godt! Eg har stor tru på musikk og song, det bind oss saman, seier han.

Etter vidaregåande gjekk han på musikklinje på Viken folkehøgskule i Gjøvik, før han var eitt år i London og jobba på KFUK-hjemmet, ein vandreheim, der. Etter det bar det til Bergen for å studere.

Det var her han trefte Irene frå Lura, som sjarmerte han med vakker songstemme, eit blendande smil og ei positiv og optimistisk tilnærming til verda. Men det var også ein anna kjærleik som trefte han i Bergen.

Brannsupporter

– Eg har vakse opp i ein heim kor fotball var noko som skjedde på TV, fortel han.

– Kvar laurdag sat me i sofaen og åt middag klokka fire, for då skulle far sjå tippekamp. Han hadde ikkje eit fast lag han heia på, men sjå skulle han. Som regel låg han flat ut på sofaen før andre omgang tok til, og me gutane var over alle haugar, smiler Håkon.

Næraste topplag var Bodø/Glimt, anten ei halvtimes flyreise eller fire timars tur med hurtigruta unna. Det blei derfor ikkje mange turane til Aspmyna, og Håkon fekk aldri sjå dei på sitt beste.

– Eg har dessutan klart å bu i London eitt heilt år utan å gå på ein einaste fotballkamp. Slå den! Håkon meiner derfor at han fotballmessig var ei blank tavle då han kom til Bergen hausten 2000. Det varte ikkje lenge.

– Den 22. oktober stod eg midt blant supportane på Store Stå og var vitne til at Brann vant 4-0 mot Molde og tok sølv i serien. Når eg i tillegg fekk kompisar i kyrkja i Bergen som var ekte kjuagutar, var ikkje vegen lang til sesongkort og eit livslangt kjærleiksforhold, smiler han.

Irene og Håkon gifta seg og etablerte seg i Bergen. Men det kom etter kvart eit ønske om å flytte nærmare ein av familiene, og i 2007 vende dei nasen mot Jæren og Klepp stasjon. Her budde dei i fem år før dei trengte større bustad til familien. Irene og Håkon, med barna Jakob og Ruth Sofie, flytta til Hognestad i 2012. Her trivst dei godt.

Kvifor Undheim?

45-åringen er utdanna lærar og har arbeidt på

Klepp ungdomsskule frå 2007 til no i sommar.

– Det er fint å vere lærar, det er kjekt å få vere med på utviklinga som skjer med elevane. Men det er også ganske krevjande, og eg var klar for å prøve noko anna. Så var det noko med denne stillinga som appellerte til meg, fortel han.

Han er tilsett i 50 % stilling som dagleg leiar, og 50 % som kyrkjelydsutviklar. Det betyr at delen som kyrkjelydsutviklar går av givartenesta til Undheim kyrkje.

– Eg held på å finne ut kva den delen av stillinga skal innehalde, og eg opplever at eg har fått ganske fritt handlingsrom. Eg vil gjerne seie at det er fint om folk på Undheim kan kome med innspel og ønske for kva det er behov for. Så skal me sjå om det er noko som går an å få til. Når det er sagt, så trur eg me må starte i ein ende, og ta litt etter kvart.

Han tenker litt, før han held fram:

– Det verkar som ting har stått litt på vent på Undheim. Nå prøver eg å bli kjent og sanse kulturen som er her, og bygge vidare på den. Eg er veldig glad for dei som allereie har teke kontakt og snakka om ulike ting, det er svært verdifullt.

Han fortel vidare at han opplever at folk er veldig glade for at Nadine og han har begynt.

– Det er fint å kjenne. Eg har blitt godt motteken, folk er veldig positive og stiller opp, seier han.

Fellesskap og samhald

Han synest det er viktig å halde UKUF i gang, så det vil bli prioritert. Han har også lyst til å legge til rette for smågrupper eller huskyrkjer.

– Det har eg stor tru på. Det er så mykje som er bra med små grupper, der ein kan snakke ope og ærleg om liv og tru. For meg personleg har det vore viktig å vere med i ei huskyrkje. Det har vore med og forma meg, eg har lært mykje, og det har gitt meg ein tryggleik som kristen, seier han.

Noko anna Håkon ivrar for er lovsongsteam.

– Song og musikk skapar samhald, og dersom nokon ønsker å vere med i eit lovsongsteam, så trur eg det hadde vore bra. Det er noko som kan vere med på fleire arenaar og aktivitetar i kyrkja, meiner han.

Han ønsker også å legge til rette for arrangement og møteplassar for vaksne midt i livet, og for barnefamiliar. Men han presiserer også at det beste er om det kan vekse fram organisk og nedanfrå.

– Møteplassar og fellesskap er viktig for oss. Livet som kyrkjegjengjar har ei rekke fellestrek med livet som fotballsupporter, forresten, men det kan me gjerne ta opp att ei annan gong, smiler nordlendingen.

Døypte i Undheimkyrkja



Gustav Kartevoll
27.10.



Alma Martine Høiland
24.11.



Hugo Taksdal
24.11.



Håkon Reiten Wergeland
24.11.



Ole Egeland
24.11.

Herren velsigne deg og være deg!
Herren la sitt andlet lysa over deg
og vere deg nådig!
Herren lyfte sitt andlet mot deg
og gje deg fred!

Gud er så glad i meg

Gud er så glad i meg
at Han kan ikke holde
øynen fra meg
Dag eller natt, aldri forlatt,
han bevarer meg

Jeg er bestandig trygg
for Han er med meg gjennom
alt det som skjer meg
Der hvor jeg går, sitter og står
passer han på meg

Jeg har en far i him'len
som er veldig sterk og stor
Og Han er glad i alle
bror og søster, far og mor

Jeg har en egen engel
En som er bestemt for meg
Så jeg kan alltid være
trygg og sikker på min vei

Gud er så glad i meg
at Han kan ikke holde
øynen fra meg
Dag eller natt, aldri forlatt,
han bevarer meg

Arnold Børud



KONTAKTINFO:

Prest: Nadine Vaagen	413 91 649
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik	994 18 620
Ungdomskontakt: Håkon R. Losvik	994 18 620
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusoplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantleiar: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø	980 28 690

Julekonsert

i Undheim kyrkje

22. DESEMBER

KL 18:00



JORUNN UNDHEIM OG BJARTE LENDING
MED BAND

BILLETTAR: WWW.LINTICKET.NO



Saman i nestekjærleik



Tekst: Håkon Rettedal Losvik

Stavanger Bispedøme har 900-årsjubileum i 2025. Det markerast på ulike vis rundt om i bispedømet, men fellesnemnar for markeringane er «Saman».

På nettsidene til bispedømet står litt meir om tankane bak feiringa, og forslag til korleis kyrkjene kan gjere dette til sitt eige, lokalt tilpassa opplegg.

På Undheim har me planlagt tre gudstenester med tema «Saman»:

- Saman rundt bordet 5. januar, med fokus på gjestfridom.
- Saman i kyrkjelyden 16. februar, med fokus på små fellesskap.
- Saman på tvers av generasjonar 16. mars - søndagsskule for store og små.

Me vil òg blåse liv i pizzakveldane. Diakon Praxedes og eg drar det i gong, og første pizzakveld blir fredag 7. februar kl. 17.00. Håpet

er å skape ein sosial arena med låg terskel, kor me kan møtast over eit enkelt, men godt måltid. Har du nokon du kunne tatt med deg? Me blir og glade om nokon vil hjelpe med det praktiske etter kvart.

Kvífor gjer me alt dette? Ikkje for å heidre bispedømmet, eller Stavanger by, men fordi me håpar at me «skal merke at Guds kjærleikhet er til stede når vi møter kvarandre som medmenneske», som det står på bispedømet sine nettsider. Det kristne fellesskapet kan vere utruleg sterkt, om me held fast i nokre sentrale verdiar. Eit opent, raust, tilgjevande fellesskap, med Jesus som førebilete.

Måtte orda frå Johannes 13, 35 vere sanne for oss på Undheim: «På det skal alle skjøna at de er mine lærersveinar: at de har kjærleik til kvarandre.» Me må stå saman, halde saman, og invitere andre til å stå saman med oss.

Les meir her: www.kirken.no/nb-NO/bispedommer/stavanger/jubileum%202025/



Lysene tiltar i styrke

Tekst hentet fra **Lysene tiltar i styrke**
- Den norske kirke

Å markere adventstiden med å tenne et nytt lys på hver av de fire søndagene er en gammel og fin skikk. Lyset tiltar i styrke jo mørkere det blir ute og jo nærmere vi kommer det store lyset: Jesus som fødes i en stall.

Andre søndag i adventstiden handler om både uro, forventning og tillit til Gud. Etter uro og engstelse kommer den store gleden.

Tredje søndag i adventstiden er vi tilbake til spørsmålet om den voksne Jesus fra Nasaret virkelig er den Messias som folk har ventet på. Jesus svarer med å peke på hva som hender der han er: Blinde ser og lamme går, spedalske renses



Advent er forkortelsen for *Adventus Domini*, Herrens komme. Det var et uttrykk som i det gamle Roma ble brukt om tiden like før en betydningsfull person skulle gjeste en by eller et sted. Nettopp når kulden og mørket gjør seg gjeldende for alvor, tenner vi det første adventslyset.

Første søndag i adventstiden er det den voksne Jesus som står i sentrum. Prekenteksten forteller oss at han er oppfyllelsen av Det gamle testamentets profetier om Messias. Det er han det handler om, når profeten Sakarja forteller om kongen som kommer ridende på et esel.

og døve hører.

Fjerde søndag i adventstiden tilegnes den ventende Maria. Det er en sammenheng mellom hennes forventning og den forventningen som kjennetegner Guds folk. Nå kommer snart Kristi fødsel. Menneskene forbereder seg på å ta imot det store budskapet.

Julen kommer fordi Jesus kommer. Bibeltekstene i adventstiden forteller om ulike måter han kommer til oss. Og juleevangeliet forteller om at han kom som et menneske. Gud ble som en av oss, født som et lite barn.

Nytt frå soknerådet

Tekst: Håkon Rettedal Losvik

Når denne utgåva av Møteplassen kjem ut har soknerådet nett hatt sitt siste møte for 2024.

Me har arbeidd ein del med korleis våren skal sjå ut, mellom anna med tanke på 900-årsjubileet for bispedømmet. Dette vil merkjast i nokre av gudstenestene i vår og i haust. Stikkordet er «Saman». Meir om dette i ein eigen tekst. Har du tankar om korleis det kan sjå ut på Undheim er me alltid glade for forslag. Korleis kan me arbeide saman med andre lag, foreiningar og gode krefter på Undheim?

Ein av planane for våren er ei bøneveke. Det er ikkje ferdig tenkt, og det er fullt mogleg å kome med innspel her og! Skal me ha bønemøte i kyrkja? Vil du ha nokon heim til deg til ei bønestund? Har du tema du vil me skal ta med? Dette arbeider

soknerådet vidare med over nyttår. Det er makt i de foldede hender!

Gudstenesteplanen for våren er i hamn, eller i alle fall ikkje langt unna. Tusen takk til alle dei frivillige som stiller opp og lager kaffi og kaker, syng, pyntar med blomar og tek imot folk i døra. Det har ikkje vore vanskeleg å få folk til å stille opp, og det har gjort jobben min lett. Det er ein god kultur som me skal ta vare på. Gje gjerne ei oppmuntring til dei som står på for å få gudstenestene til å gå rundt.

Når du les dette har soknerådet valt ny leiar og nestleiar. Det skjer kvart år i november. Tusen takk til Hanne Brit og Oddvar som har hatt ansvar i ei krevjande tid! De har gjort ein framifrå jobb, og ikkje minst teke Nadine og meg raust og varmt imot. Takk skal de ha! Dei har og takka ja til å vere leiar og nestleiar neste år.

Kristen tru

Tekst henta frå Podkast: Søndagsskole for voksne - Den norske kirke

- I denne podkasten skal du få svar på dei spørsmåla du ville stilt ein prest om du møtte ho på fest, seier programleiar Solveig Kloppen.

Søndagsskule for voksne

I «Søndagsskole for voksne» møter du Solveig Kloppen og prestane Trond Bakkevig og Silje Kivle Andreassen. I podkasten skal dei tre saman finne svar på store og små spørsmål knytt til Bibelen og kristen tru.

- Vi håper at både vi tre og lyttarane skal vere litt klokare i slutten av serien, seier Solveig Kloppen. Mellom spørsmåla som vert diskutert er «Kvar var Gud 22. juli?» og «Kan ein vere kristen sjølv om ein ikkje les i Bibelen?»

- Dette er tema som eg likar godt å snakke om, så eg ville ikkje la dette høvet gå i frå meg, seier Silje Kivle Andreassen, sokneprest i Holmlia.

- Eg tykkjer det er ein god idé å drive søndagsskule for voksne, for vi blir aldri heilt ferdige med å lære.
 - Eg likar å få vanskelege spørsmål, seier pensjonert prost Trond Bakkevig.
 - Då må eg skjerpe meg litt, og tenkje gjennom kvifor eg tenker slik eg gjer. Kunnskapen om kvar vi kjem frå, og kvar vi eventuelt vil høre til, er viktig å få med seg.
- «Søndagsskole for voksne» kan du høre der du lyttar på podkastar.
- Acast: Søndagsskole for voksne
Apple podkast: Søndagsskole for voksne
Spotify: Søndagsskole for voksne



Nytt namn på trusopplæringa

Hausten 2024 vart den siste med trusopplæring. Det er inga grunn til fortviling, for trusopplæringa fortset som før, men har skifta namn til «kyrkjeleg undervisning og læring».



Tekst: Ingfrid Time Nærland

Kyrkjemøtet har vedtatt revidert overordna plan, «Plan for kyrkjeleg undervisning og læring». Denne planen erstattar «Gud gir – vi deler». Den nye planen legg til rette for livslang læring gjennom deltaking, medverknad og skapande aktivitetar. Frå å vera retta mot alle døypte barn og unge 0-18 år, er den nye planen for alle døypte og interesserte i alle aldrar.



I praksis vil det ikkje innebera særlege endringar for alt det gode, allereie eksisterande arbeidet som blir gjort. Trusopplæringa fortset som før, under den nye fana kyrkjeleg undervisning og læring. Orda fasetiltak og tiltak blir erstatta med aktivitet og tilbod, gjerne merka med tidsavgrensa for å skilja mellom desse og det kontinuerlege arbeidet.

På nyåret er det nokre barn som kan glede seg ekstra. Først ute er barna på 3. og 4. trinn. Dei blir inviterte til tårnagenthelg. Barna får då vera med å løysa mysterium, læra gode agenttips, gå på symboljakt i kyrkja, følgja spor og teikn for å løysa ulike oppdrag. Alle barna som kjem på samlinga vil få med seg boka «Skattar frå Bibelen». Det blir også agentoppdrag på ei gudsteneste.



Når det nærmar seg påske blir 1. trinn inviterte til «Det store påskemysteriet». Dette er ei samling der det skal løysast oppdrag for å finna svar på kva som skjedde med Jesus i påskeveka. Kva har eit esel med påska å gjera, og kvifor vaska Jesus føtene til venene sine? Kvifor måtte Jesus døy på korset, og kva betyr alt dette for oss i dag? Det blir jakt på påskeegg, og gudsteneste i kyrkja.

Utover våren kjem det fleire spennande aktivitetar og tilbod. Så her er det berre å følgje med!



SUPERMIX

Supermix er eit kor/klubb for barn frå 4 år og oppover. Ei samling innehold korøving med andakt og hobbylagning i kjellaren til slutt. For tida manglar me dirigent. Så lenge det vedvarer, utgår kordelen.

Undheim kyrkje
kl. 17.00-18.00

14.1, 28.1, 11.3,
25.3, 8.4, 22.4, 6.5

UKUF

Undheim kristelege ungdomsforening
kl. 19.00 - 23.00
i Undheim kyrkje

18.1, 1.2, 15.2, 1.3,
15.3, 29.3, 26.4,
10.5, 24.5, 7.6

OPEN KJELLAR

Klubb for gutter og jenter med aktivitetar, andakt, spel og kiosk.

kl. 19.00 – 21.00
Undheim kyrkje
5. – 7. klasse

10.1, 7.2, 7.3,
4.4, 23.5, 13.6

UGLA

Frammøte på Undheim skule kl. 19.00.
Slutt ca kl. 20.15.
Gutter frå 5. klasse og oppover er velkomne.
Datoane er fastsette, men det kan koma endringar i programmet.

7.1, 21.1, 4.2, 18.2, 4.3, 18.3, 1.4

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE KL. 10.30

I gudstenesta er me samla for å møta Gud og kvarandre.

5.1, 19.1, 2.2, 16.2, 2.3, 16.3, 30.3,
13.4, 20.4, 27.4, 11.5, 17.5, 9.6

LAUST OG FAST

er eit ope arrangement for alle som har anledning til å koma. Innhaldet og arrangementet er retta mot dei som er 60+. Det kjem folk frå heile distriktet vårt.

Me syng i lag, har noko å bite i, høyrer på ein invitert foredrags-haldar og har eit ord for dagen.

Undheim kyrkje
kl. 14.00

15.1, 19.2, 19.3

SØNDAGSSKULEN

Me byrjar kl. 10.30 og er med på første del av gudstenesta. Det er også mogleg å koma rett til sundagsskulen kl. 11.00.

5.1, 19.1, 16.2, 2.3, 16.3, 13.4, 27.4

VELKOMMEN TIL UNDHEIM KYRKJE!



Barnas



Fargelegg!

Teikning:
Chiara Bertelli



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!



Dese oppgåvane er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00

Finn fem feil


Her fortel Gabriel Maria at ho skal bli mammaen til Jesus. Dei to biletene er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Finn 10 gutenamn

Leit bortover og nedover. Finn du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	O	R	K	E	F
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A



Kva
høne har
ikkje fjør?
Svar:
Marihøna

Vits



Labyrint

Kan du hjelpe Maria å
finne vegen til Elisabet?

Teikning: Chiara Bertelli



Sondagsskolen - mer enn du tror

JULEGAVE AKSJONEN



Julen kan for mange familier være en vanskelig tid. I mange år har derfor flere menigheter samarbeidet om å samle inn penger gjennom en julegaveaksjon. Rett før jul blir pengene omgjort til gavekort, og delt ut til mennesker i en vanskelig økonomisk situasjon, først og fremst til barnefamilier.

Vil du bidra til å gjøre julehøytiden litt lettere for noen i nabolaget?
Gi en god gave til aksjonen! Tusen takk for din gave!

**Bruk vipsnummer 103540
eller konto 3290.07.79088, merk med Julegaveaksjonen**

(Skulle det komme inn mer penger enn det er behov for til jul, vil pengene bli brukt til andre formål til samme gruppe, f.eks. til aktiviteter i forbindelse med sommerferien.)

Gudstenester i jula:

Undheim:

Julafta kl. 14.30
2. juledag kl. 10.30

Time:

Julafta kl. 14.15 og kl. 15.30
1. juledag kl. 11.00
1. nyttårsdag kl. 11.00

Bryne:

Julafta kl. 13.30, kl. 14.45 og kl. 16.00
1. juledag kl. 12.00



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

 <p>jæren sparebank</p>	 <p>Sandnes & Jærbetong</p>	<p>Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no</p>
 <p>TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig</p>	 <p>BYGGMESTER HERSDAL AS</p>	 <p>JÆRPRINT TRYKK & DESIGN</p>
<p>Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim</p>	 <p>SOL INSPIRASJON <i>Dikt og oppmuntringer</i></p>	<p>UNDHEIM HANDELSLAG</p> <p> coop prix</p> <p>undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670</p>
 <p>BondeKompaniet Bryne, tlf. 480 10 878, man-fre 08-18, lør 09-15 Klikk og hent bondekompaniet.no</p>	 <p>NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Taksdal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 45 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400</p>	 <p>SjekkPunkt BILVERKSTED</p> <p>Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no</p>
 <p>Arrestad Maskin</p>	 <p>JKE Transport JAN KARSTEN EGELAND TRANSPORTAS</p>	 <p>Byggmester Ståle N. Sikveland</p>
 <p>TOM REE MASKIN</p>	<p>Høiland & Tveit BetongEntreprenør</p>	 <p>SpareBank SR-BANK</p>
 <p>Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no</p>	 <p>Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no</p>	 <p>NOVA BEGRAVELSESBYRÅ</p>
 <p>Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10</p>	 <p>Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN</p>	 <p>VB VARME & BAD</p> <p>Bryne Rør AS</p>